

**MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 21.02.2019  
**Møtetid:** Kl. 16:00 - 21:10  
**Møtestad:** Biblioteket

---

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Bright Olav Gåsdal	A
Harald Boge	A
Nils Aadland	A
Tveiterås, Vidar	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL
Martin Haugen	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Inge Aasgaard	KRF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bogevik	UAVH

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Olaug Karin Øystese	A	Urås, Roger Gjerde	A
Solveig Vassenden	BL	Bjarte Linga	BL
Karl Bård Kollbotn	FRP		

**Møtenotater:**

Andre som var til stades på møtet:

- Hilde Aarvik (Sp) i sak 003/2019 (som varamedlem for Øyvind Røen)
- Bente Getz (Mdg) i sak 003/2019 (som varamedlem for Øyvind Strømmen)
- Svein Tore Drevsjø (Bl) i sak 003/2019 (som varamedlem for Lena Tveit)
- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgivevar Jan Erik Boge

Dokument som vart sendt ut i møtet:

- Rådmannen sitt svar på interpellasjon frå Monica Tjønnna (Sp). Dette dokumentet følgjer som vedlegg til møteprotokollen

Protokollmerknader:

- Protokollmerknad frå Øyvind Strømmen (Mdg) til interpellasjon frå Odd Arne Haga (Frp) om tannlegetenesta

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 04.03.2019

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2019	19/191	Faste saker	
002/2019	18/1772	Endring av møtedatoar for kommunestyret i april og juni 2019	
003/2019	18/529	Siling av alternativer - ny veg til Hagabotnane.	
004/2019	18/1597	Skjenkeløyve - "Alpinisten" i Eikedalen skisenter - Nitter Nordlinder AS	
005/2019	18/951	Søknad frå Kvamnet AS om økonomisk støtte til delar av ekstrakostnader fiberanlegg Rolvsvåg - Saga	
006/2019	19/134	Tilleggsløyving til ny stilling på HR (løns- og personalkontoret)	
007/2019	18/1794	Fritak frå kommunale verv - kommunestyreperioden 2015-2019	
008/2019	18/783	Søknad om endring av kommunal garanti for dagsfestivalen Samningakraft	
009/2019	18/872	Løyving av midlar til skifte av økonomi- og lønssystem i 2019	
010/2019	18/787	Vurdering av barnevernsaker i Samnanger kommune - ny handsaming	
1	18/1157	Interpellasjon - Fylkestannlege	
2	18/1157	Interpellasjon - Avviksmeldingar	
011/2019	18/1563	Reglar om møtegodtgjersle til varamedlemmer i kommunale styre, utval, råd, nemnder m.m.	

## SAKNR. 001/2019: Faste saker

### 21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) viste til tilleggssak om møtegodtgjersle til varamedlemmer som vart sendt ut på e-post 21.02.2019. Han bad om at denne saka vart teken inn på saklista, og at saka vart handsama etter interpellasjonane i møtet. Kommunestyret slutta seg til ordføraren sitt ønske. Det var ingen andre merknader til innkallinga eller saklista.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

#### Orienteringssaker

##### Informasjon om status i organisasjonen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status, utfordringar og planlagte endringar i kommuneorganisasjonen.

#### Utvalet sitt kvarter

##### Avtalevilkår og kostnader legetenesta

Sture Tveit (H) viste til artikkel i Samningen i januar 2019 med oversikt over nyetablerte verksemder i Samnanger. Der gjekk det mellom anna fram at to legar nyleg har etablert seg med enkeltmannsføretak i kommunen. Sture Tveit ønska ei orientering frå rådmannen om legane sine avtalar/avtalevilkår og økonomiske forhold knytt til dette. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte etter dette om legane sine avtalevilkår og om kommunen sine kostnader til drift av legekantoret på Haga.

##### Fartsdumpar på vegen frå Haga til Tysse

Monica Tjønnå (Sp) viste til tidlegare diskusjon i kommunestyret, og spurde om det vert gjort noko for å flata ut fartsdumpane på strekninga Haga - Tysse slik at fartsgrensa kan aukast til 50 kilometer i timen. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge viste til at kommunen sin trafikkisikringsplan er vedteken av kommunestyret, og at det i arbeidet med planen ikkje kom inn forslag om å flata ut/fjerna fartsdumpane på strekninga Haga - Tysse. Hilde-Lill Våge orienterte også om kva trafikkisikringstiltak som ligg inne i planen og som administrasjonen arbeider med. Ho orienterte til slutt om at det vil vera mogleg å ta dette inn som tiltak når trafikkisikringsplanen skal reviderast.

##### Spørsmål om bruk av brøytepinar i plast

Øyvind Strømme (Mdg) viste til at det blir brukt brøytepinar i plast på fylkesvegen over Kvamskogen, og spurde om kommunen òg brukar brøytepinar i plast. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette spørsmålet i møtet, men vil undersøkje dette. Øyvind Strømme sa at han vil oppmoda om at kommunen oppmodar Vegvesenet om å ta i bruk brøytepinar i anna materiale enn plast. Øyvind Strømme informerte òg om at han kjem til å levera inn eit skriftleg spørsmål om bruk av brøytepinar i plast.

##### Kvalitet i barnehage

Martin Haugen (Bl) viste til informasjon i Samningen om at nokre representantar på førre møte i formannskapet kom med påstandar om at kvaliteten i barnehagen var blitt dårlegare. Han oppmoda om at dei som kom med desse påstandane kjem med dokumentasjon på at kvaliteten er blitt dårlegare. Rådmann Charlotte Hageberg svara og orienterte om sitt syn på påstandane som vart sett fram i formannskapet.

### Økonomirapportering til formannskapet

Bright Olav Gåsdal (A) viste til at kommunestyret i desember bestemte at på grunn av store innsparingar på ulike kapittel i budsjettet, skulle formannskapet orienterast fortløpande om den økonomiske utviklinga, målt opp mot kvaliteten i tenestenivået. Han spurde om ordføraren er nøgd med den rapporteringa som er gitt til no. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara at han er nøgd med rapporteringa.

### **Interpellasjonar som vart handsama i møtet:**

- Interpellasjon frå Odd Arne Haga (Frp) om tannlegetenesta
- Interpellasjon frå Monica Tjønnå (Sp) om avviksmeldingar

Samrøystes vedtak.

### **KS- 001/2019 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 002/2019: Endring av møtedatoar for kommunestyret i april og juni 2019**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 002/2019 Vedtak:**

Det vert gjort følgjande endringar i kommunestyret sin møteplan for 2019:

- Kommunestyremøtet i april vert flytta til torsdag 04.04.2019.
- Kommunestyremøtet i juni vert flytta til måndag 03.06.2019.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova, jf. Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjort følgjande endringar i kommunestyret sin møteplan for 2019:

- Kommunestyremøtet i april vert flytta til torsdag 04.04.2019.
- Kommunestyremøtet i juni vert flytta til måndag 03.06.2019.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova, jf. Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl.

## SAKNR. 003/2019: Siling av alternativer - ny veg til Hagabotnane.

### 21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte innleiingsvis om at Øyvind Strømmen (Mdg), Lena Tveit (Bl) og Øyvind Røen (Sp) hadde meldt inn spørsmål om gildskapen sin i denne saka. Etter dette orienterte desse tre om kvifor dei ønska å få gildskapen sin vurdert. Alle tre gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen deira. Under denne handsaminga gjekk følgjande personar inn som varamedlemmer:

- Bente Getz (Mdg) gjekk inn som varamedlem for Øyvind Strømmen
- Svein Tore Drevsjø (Bl) gjekk inn som varamedlem for Lena Tveit
- Hilde Aarvik (Sp) gjekk inn som varamedlem for Øyvind Røen

Brigt Olav Gåsdal (A) vart etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland vald som setjevaraordførar under handsaminga av gildskapen til Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen.

Både Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen vart funne ugilde og deltok derfor ikkje under handsaminga av saka.

12 representantar røysta for at Øyvind Strømmen var ugild og 8 for at han var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Sture Tveit (H)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Arild Røen (H)	Roger Urås (A)
Inge Aasgaard (Krf)	Harald Bøge (A)
	Bente Getz (Mdg)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)

11 representantar røysta for at Lena Tveit var ugild og 9 for at ho var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Roger Urås (A)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Sture Tveit (H)	Harald Bøge (A)
Arild Røen (H)	Bente Getz (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)

11 representantar røysta for at Øyvind Røen var ugild og 9 for at han var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnna (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Roger Urås (A)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Sture Tveit (H)	Harald Bøge (A)
Arild Røen (H)	Bente Getz (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)

Bente Getz, Svein Tore Drevsjø og Hilde Aarvik deltok under den vidare handsaminga av saka, og Brigt Olav Gåsdal heldt fram som setjevaraordførar under den vidare handsaminga av saka.

Vidar Tveiterås (A) bad om at det vart halde gruppemøte før røystinga i saka.

Anja Elisabeth G. Markhus (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre."*

Etter gruppemøtet sette Brigt Olav Gåsdal (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Som Anja Elisabeth Gjerde Markhus sitt framlegg med slikt tillegg: spm. om siling av alt. for val av reguleringsalternativ vert utsett til me har oversikt over framtidig bruk av areal ved Hagabotnane med tanke på plassering av hall og bustadbygging. Skolestrukturen skal og vera ein del av vurderingane."*

Anja Elisabeth G. Markhus sitt framlegg vart etter dette slått saman med Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg, slik at dette vart eit samla framlegg.

I røystinga vart naturutvalet sitt framlegg sett opp mot framlegget til Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal. Framlegget til naturutvalet fekk 1 røyst og framlegget til Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal fekk 19 røyster.

For Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg	For naturutvalet sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Uavh)
Svein Tore Drevsjø (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Bjarte Linga (Bl)	
Brigt Olav Gåsdal (A)	
Nils Aadland (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Roger Urås (A)	
Harald Bøge (A)	
Hilde Aarvik (Sp)	
Monica Tjønnna (Sp)	



Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Bente Getz (Mdg)	

Etter røystinga gjekk Bente Getz, Svein Tore Drevsjø og Hilde Aarvik frå, og Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen gjekk tilbake i møtet. Øyvind Røen gjekk òg tilbake som varaordførar i møtet.

### **KS- 003/2019 Vedtak:**

Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre. Spørsmål om siling av alternativ for val av reguleringsalternativ vert utsett til me har oversikt over framtidig bruk av areal ved Hagabotnane med tanke på plassering av hall og bustadbygging. Skolestrukturen skal og vera ein del av vurderingane.

### **05.02.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Ingrid H. Røen (Sp) gjekk i frå medan utvalet vurderte om ho var ugild i handsaming av saka. Røen er grunneigar, og har såleis direkte interesser og er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at ho er ugild. Det var ikkje kalla inn vara for henne under handsaming av saka.

#### Sture Tveit (H), Anja Elisabeth G. Markhus (Bl) sette fram følgjande framlegg:

«Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre. Saka skal til kommunestyret for handsaming.»

#### Gunn Østvik Petersen (Ap) og Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

«Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 3 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.»

Det vart røysta over dei 3 framlegga:

Framlegget frå Østvik (Ap) og I.R. Bøgevik (Frp) - reguleringsplan vegalt., 3 fekk 3 røyster.

Framlegget frå Tveit (H) og Markhus (Bl) - utbetring eksisterande veg fekk 2 røyster.

Tilråding frå rådmannen fekk 3 røyster og vart vedteke med leiar si dobbeltrøyst.

Representantane si røysting over framlegga:

Framlegg frå Østvik og Bøgevik	Framlegg frå Tveit og Markhus	Rådmannen si tilråding
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Sture Tveit (H)	Jon Magne Bøgevik (Uah)
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Marta Fossdal (Bl)		Vidar Tveiterås (Ap)

Sture Tveit (H) sette fram følgjande protokolltilførsel til vedtaket:

"Saka vert sendt vidare til kommunestyret. " Det vart røysta over protokolltilførsel, som fekk samrøystes tilslutning.

#### **NAT- 004/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 1 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.

Saka vert sendt vidare til kommunestyret.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 1 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.

## **SAKNR. 004/2019: Skjenkeløyve - "Alpinisten" i Eikedalen skisenter - Nitter Nordlinder AS**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Det vert ikkje gjeve løyve til servering av alkohol i området til Eikedalen Skisenter. Dette vert grunngeve med tryggleiken og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane politiet vil kunne få, som følgje av overstadig rusa personar. Ein viktig faktor i denne vurdering er den frå politiet, som er synet på området som eit rekreasjonsområdet for barn og unge, og ikkje minst for barnefamiliiar generelt. Politiet si grunngeving er god nok til å seia nei."*

Martin Haugen bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Monica Tjønnå det første framlegget sitt, og sette i staden fram følgjande nye framlegg:

*"Søknaden vert ikkje imøtekomme.*

*Dette vert grunngeve med tryggleiken og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane som kan oppstå, med tanke på beredskap, som følgje av overstadig rusa personar."*

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Monica Tjønnå sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg fekk 13 røyster og Monica Tjønnå sitt framlegg fekk 7 røyster.

<b>For rådmannen sitt framlegg</b>	<b>For Monica Tjønnå sitt framlegg</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Bjarte Linga (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Sture Tveit (H)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Roger Urås (A)	Vidar Tveiterås (A)
Harald Boge (A)	Bright Olav Gåsdal (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Nils Aadland (A)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

**KS- 004/2019 Vedtak:**

Nitter Nordlinder AS (org.nr: 921 440 413) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1, 2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Alpinisten» i Kråvegen 108, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl. 12:00 – kl. 22:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl. 13:00 – kl. 22:00 (jf. Al.§4-4 4.ledd).
- eit avgrensa uteområde/ terrassen utanfor lokalet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Nitter Nordlinder AS (org.nr: 921 440 413) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1, 2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Alpinisten» i Kråvegen 108, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl. 12:00 – kl. 22:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl. 13:00 – kl. 22:00 (jf. Al.§4-4 4.ledd).
- Eit avgrensa uteområde/ terrassen utanfor lokalet.

**SAKNR. 005/2019: Søknad frå Kvamnet AS om økonomisk støtte til delar av ekstrakostnader fiberanlegg Rolvsvåg - Saga****21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 005/2019 Vedtak:**

Kvamnet AS sin søknad om økonomisk støtte frå Samnanger kommune på 120 000 kroner for å dekkja delar (ca. 20%) av uføresette ekstrakostnader til fiberutbygginga i området Rolvsvåg – Saga, vert innvilga. Vedtaket vert finansiert som følgjer:

- 65.000 kroner – resterande/udisponert sum av breibandsmidlane (349.000 kroner) som vart løyvd av kommunestyret i 2017 til utbygging i området Rolvsvåg – Saga.
- 55.000 kroner av breibandsmidlane (100.000 kroner) som er avsett frå næringsfondet i 2019-budsjettet.

**07.02.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtaket vart samrøystes vedteke.

**FORM- 006/2019 Vedtak:**

Kvamnet AS sin søknad om økonomisk støtte frå Samnanger kommune på 120 000 kroner for å dekkja delar (ca. 20%) av uføresette ekstrakostnader til fiberutbygginga i området Rolvsvåg – Saga, vert innvilga. Vedtaket vert finansiert som følgjer:

- 65.000 kroner – resterande/udisponert sum av breibandsmidlane (349.000 kroner) som vart løyvd av kommunestyret i 2017 til utbygging i området Rolvsvåg – Saga.

- 55.000 kroner av breibandsmidlane (100.000 kroner) som er avsett frå næringsfondet i 2019-budsjettet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvamnet AS sin søknad om økonomisk støtte frå Samnanger kommune på 120 000 kroner for å dekkja delar (ca. 20%) av uføresette ekstrakostnader til fiberutbygginga i området Rolvsvåg – Saga, vert innvilga. Vedtaket vert finansiert som følgjer:

- 65.000 kroner – resterande/udisponert sum av breibandsmidlane (349.000 kroner) som vart løyvd av kommunestyret i 2017 til utbygging i området Rolvsvåg – Saga.
- 55.000 kroner av breibandsmidlane (100.000 kroner) som er avsett frå næringsfondet i 2019-budsjettet.

## **SAKNR. 006/2019: Tilleggsloøyving til ny stilling på HR (løns- og personalkontoret)**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Jon Magne Bogevik (Uavh) viste til omgrepet "HR" som er brukt i saksutgreiinga, og oppmoda om at administrasjonen brukar nynorsk og nynorske omgrep i saksutgreiingar. Ordførar Knut Harald Frøland (BI) bad administrasjonen om å ta med seg dette.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS- 006/2019 Vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma i rådmannen sin stab med 100% stilling i tidsrommet 01.04.2019 – 31.12.2019. Stillinga skal primært vera knytt til HR (løns- og personalkontoret). Det vert gjeve tilleggsloøyving frå disposisjonsfondet på inntil 460.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019.

Frå og med 01.01.2020 vert stillinga delt i to stillingsdelar:

1. Ca. 50% konsulentstilling ved HR (løns- og personalkontoret)
2. Ca. 50% stilling som IKT-koordinator

Lønsmidlar til 50% stilling som IKT-koordinator ligg allereie inne i økonomiplanen frå og med 2020. Lønsmidlar til den resterande 50%-stillingsdelen må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020.

### **07.02.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 007/2019 Vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma i rådmannen sin stab med 100% stilling i tidsrommet 01.04.2019 – 31.12.2019. Stillinga skal primært vera knytt til HR (løns- og personalkontoret). Det vert gjeve tilleggsloøyving frå disposisjonsfondet på inntil 460.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019.

Frå og med 01.01.2020 vert stillinga delt i to stillingsdelar:

1. Ca. 50% konsulentstilling ved HR (løns- og personalkontoret)
2. Ca. 50% stilling som IKT-koordinator

Lønsmidlar til 50% stilling som IKT-koordinator ligg allereie inne i økonomiplanen frå og med 2020. Lønsmidlar til den resterande 50%-stillingsdelen må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma i rådmannen sin stab med 100% stilling i tidsrommet 01.04.2019 – 31.12.2019. Stillinga skal primært vera knytt til HR (løns- og personalkontoret). Det vert gjeve tilleggsøyving frå disposisjonsfondet på inntil 460.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019.

Frå og med 01.01.2020 vert stillinga delt i to stillingsdelar:

1. Ca. 50% konsulentstilling ved HR (løns- og personalkontoret)
2. Ca. 50% stilling som IKT-koordinator

Lønsmidlar til 50% stilling som IKT-koordinator ligg allereie inne i økonomiplanen frå og med 2020. Lønsmidlar til den resterande 50%-stillingsdelen må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020.

## **SAKNR. 007/2019: Fritak frå kommunale verv - kommunestyreperioden 2015-2019**

**21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 007/2019 Vedtak:**

Olav Haga (f.16.04.1959) får fritak for politisk verv som 7.varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret i Samnanger kommune ut kommunestyreperioden 2015-2019

jf. reglar i Valgloven §15.

Opprykk av varamedlem jf. Kommuneloven §16.2.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Olav Haga (f.16.04.1959) får fritak for politisk verv som 7.varamedlem for Arbeidarpartiet i kommunestyret i Samnanger kommune ut kommunestyreperioden 2015-2019

jf. reglar i Valgloven §15.

Opprykk av varamedlem jf. Kommuneloven §16.2.

## **SAKNR. 008/2019: Søkna om endring av kommunal garanti for dagsfestivalen Samningakraft**

**21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 008/2019 Vedtak:**

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til markedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, skjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

### **07.02.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Avdelingsleiar kultur Meline Heimdal Haugland orienterte om bakgrunnen for at rådmannen foreslår å endra på det tidlegare vedtaket om underskotsgaranti på 200.000 kroner for dagsfestivalen Samningakraft.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 004/2019 Vedtak:**

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til markedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, skjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til markedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til barnnesenet og mattilsynet.

· Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

## **SAKNR. 009/2019: Løyving av midlar til skifte av økonomi- og lønssystem i 2019**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 009/2019 Vedtak:**

I økonomiplanen som vart vedteken av kommunestyret 13.12.2018 er det løyvd 1.380.000 kroner til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020.

1.000.000 kroner av denne løyvinga vert no overført til 2019, slik at innføringsprosjekt for nytt økonomi- og lønssystem kan gjennomførast hausten 2019. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om val av leverandør av økonomi- og lønssystem.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I økonomiplanen som vart vedteken av kommunestyret 13.12.2018 er det løyvd 1.380.000 kroner til skifte av økonomi- og lønssystem i 2020.

1.000.000 kroner av denne løyvinga vert no overført til 2019, slik at innføringsprosjekt for nytt økonomi- og lønssystem kan gjennomførast hausten 2019. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde investeringsfond.

Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om val av leverandør av økonomi- og lønssystem.

## **SAKNR. 010/2019: Vurdering av barnevernsaker i Samnanger kommune - ny handsaming**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte innleiingsvis om at rådmannen ønska at saka skulle handsamast for lukka dører. Møtet vart lukka medan kommunestyret drøfta om saka skulle handsamast for lukka dører. Møtet vart opna igjen før røystinga om dette spørsmålet.

Kommunestyret vedtok samrøystes at saka skulle handsamast for lukka dører, med heimel i § 31.4 jf. § 31.2 i kommunelova. Møtet vart etter dette lukka igjen.

Inge Aasgaard (Krf) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han orienterte også kort om bakgrunnen for dette. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Inge Aasgaard vart samrøystes funnen gild, og deltok derfor i den vidare handsaminga av saka.

Rådmann Charlotte Hageberg gav ei kort orientering om dei tre barnevernsakene som saka gjeld. Etter dette svara ho på spørsmål under debatten i kommunestyret.

Undervegs i debatten kom Inge Aasgaard med ny informasjon knytt til spørsmålet om gildskapen sin. Han informerte om at han hadde møtt som vitne frå kommunen i fylkesnemnda i ei av barnevernssakene som saka gjeld. Gunn Totland Moss (Krf) informerte om at også ho møtte som vitne i den same saka, i eigenskap av at ho var helsesøster i kommunen. Det vart etter dette gjennomført ny debatt i kommunestyret om gildskapen til Inge Aasgaard, samt om gildskapen til Gunn Totland Moss. Begge to gjekk frå under denne debatten.

Inge Aasgaard vart funnen gild med 12 mot 6 røyster:

Gild	Ugild
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Bjarte Linga (Bl)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Bright Olav Gåsdal (A)	Martin Haugen (Bl)
Harald Boge (A)	Monica Tjønnna (Sp)
Nils Aadland (A)	Lena Tveit (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Sture Tveit (H)
Roger Urås (A)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Røen (Sp)	

Gunn Totland Moss vart funnen gild med 14 mot 4 røyster:

Gild	Ugild
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Bjarte Linga (Bl)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Bright Olav Gåsdal (A)	Martin Haugen (Bl)
Harald Boge (A)	Lena Tveit (Bl)
Nils Aadland (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Roger Urås (A)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnna (Sp)	

Etter dette tok Inge Aasgaard og Gunn Totland Moss plass igjen i møtet og deltok under resten av handsaminga av saka.

Møtet vart opna igjen før kommunestyret si endelege røysting i saka. 10 medlemmer røysta for



rådmannen sitt framlegg til vedtak og 10 røysta imot. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med ordføraren si "dobbelstemme" ved stemmelikheit.

For rådmannen sitt framlegg	Imot rådmannen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Lena Tveit (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Vidar Tveiterås (A)
Bjarte Linga (Bl)	Roger Urås (A)
Øyvind Røen (Sp)	Harald Boge (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Inge Aasgaard (Krf)
Gunn Totland Moss (Krf)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Gunnar Bruvik (Frp)	Arild Røen (H)
Odd Arne Haga (Frp)	Sture Tveit (H)
Øyvind Strømmen (Mdg)	Martin Haugen (Bl)

#### **KS- 010/2019 Vedtak:**

Kommunestyret ber om at det vert iverksatt ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukt.

Det må så langt som mogleg konkluderast i kvar av dei tre sakene og seiast noko om det ligg føre nokon grunn til oppreising i sakene. Rapport frå granskinga må liggja føre innan utgangen av oktober 2019. Kommunestyret skal få presentert resultatet av granskinga når rapporten ligg føre.

Rådmannen har ansvar for å førebu og gjennomføra konkurranse om granskingsoppdraget, og for å velja leverandør og inngå kontrakt med dei som skal gjennomføra oppdraget. Det er ein føresetnad at dei som skal gjennomføra oppdraget, må ha nødvendig barnevernfagleg og juridisk kompetanse. Det vert løyvd 600.000 kroner til dette arbeidet, finansiert av disposisjonsfondet. Dersom det vert behov for ytterlegare midlar, må det leggjast fram sak om dette i kommunestyret.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber om at det vert iverksatt ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdera metodane som er brukt.

Det må så langt som mogleg konkluderast i kvar av dei tre sakene og seiast noko om det ligg føre nokon grunn til oppreising i sakene. Rapport frå granskinga må liggja føre innan utgangen av oktober 2019. Kommunestyret skal få presentert resultatet av granskinga når rapporten ligg føre.

Rådmannen har ansvar for å førebu og gjennomføra konkurranse om granskingsoppdraget, og for å velja leverandør og inngå kontrakt med dei som skal gjennomføra oppdraget. Det er ein føresetnad at dei som skal gjennomføra oppdraget, må ha nødvendig barnevernfagleg og juridisk kompetanse. Det vert løyvd 600.000 kroner til dette arbeidet, finansiert av disposisjonsfondet. Dersom det vert behov for ytterlegare midlar, må det leggjast fram sak om dette i kommunestyret.

## SAKNR. 1: Interpellasjon - Fylkestannlege

### 21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) las opp interpellasjonen. Rådmannen hadde ikkje utarbeidd svar på denne interpellasjonen.

Etter den innleiande debatten bad ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet stadfesta Odd Arne Haga at framlegget til vedtak i interpellasjonen er å forstå slik at ein ønskjer at ein privatpraktiserande tannlege etablerer seg på kommunehuset, og at ein prøver å gjera ein avtale om at fylkestannlegen kompensere for rettigheitspasientar som blir behandla av den privatpraktiserande tannlegen på kommunehuset.

Framlegget til vedtak i interpellasjonen vart vedteke med 15 mot 5 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Bjarte Linga (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Brigt Olav Gåsdal (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Roger Urås (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

Etter røystinga varsla Øyvind Strømmen (Mdg) om at han ville koma med ein protokollmerknad til denne interpellasjonen. Han leverte seinare i møtet følgjande protokollmerknad:

#### **Protokollmerknad frå Øyvind Strømmen, MDG:**

*Underteikna har ynskt å halda på tannlegekontor i Samnanger, men ser ikkje realismen i dette framlegget. Eg vil i den samanheng syna til vedtak i fylkestinget 8. mars 2016 om klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta.*

*Der framgår følgjande: "Tysse tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk".*

*Underteikna ynskjer eventuelle privatpraktiserande tannlækjarar som ynskjer å opna praksis i Samnanger velkomne, og vil også ynskja velkomen ei sak i kommunestyret om korleis kommunen i så høve kan bidra.*

#### **KS- 1 Vedtak:**

Administrasjonen søker fylkestannlegen om å beholde tannlegetjenesten på kommunehuset gjennom en privatpraktiserende tannlege.

## **SAKNR. 2: Interpellasjon - Avviksmeldingar**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnna (Sp) las opp interpellasjonen. Rådmann Charlotte Hageberg las opp svaret sitt på interpellasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Bright Olav Gåsdal (A) foreslo at interpellasjonen inkl. framlegg til vedtak, vert oversendt til administrasjonen utan realitetsvotering, og at det vert teke ein gjennomgang/gitt ein rapport frå administrasjonen på neste møte i formannskapet. Monica Tjønnna orienterte om at ho ikkje hadde innvendingar mot Bright Olav Gåsdal sitt forslag. Kommunestyret slutta seg deretter samrøystes til Bright Olav Gåsdal sitt forslag.

### **KS- 2 Vedtak:**

Interpellasjonen inkl. framlegg til vedtak, vert oversendt til administrasjonen utan realitetsvotering. Administrasjonen skal ta ein gjennomgang/gje ein rapport på neste møte i formannskapet.

## **SAKNR. 011/2019: Reglar om møtegodtgjersle til varamedlemmer i kommunale styre, utval, råd, nemnder m.m.**

### **21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Med verknad frå 01.01.2019 vert punkt 4.1 om møtegodtgjersle i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle endra til:*

*a. Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt. Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.*

*b. Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune. Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.*

*c. Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor. Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.*

*d. For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle."*

Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

**KS- 011/2019 Vedtak:**

*"Med verknad frå 01.01.2019 vert punkt 4.1 om møtegodtgjersle i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle endra til:*

*a. Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt. Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.*

*b. Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune. Varamedlemmer som berre deltek i handsaminga i ei sak i møte der det er fleire saker oppe til handsaming, får halv møtegodtgjersle.*

*c. Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor. Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.*

*d. For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle."*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.